



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
59/22	Nærings- og miljøutvalet	25.10.2022

Endring av forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnner

Samandrag:

Saka gjeld endring av lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnner med forbodsonekart. Den lokale forskriftena er tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen. Framlegget til endring gjeld først og fremst klargjering av kva for område i kommunen som har totalforbod mot brenning utandørs. I tillegg er det redaksjonelle endringar i teksten.

Nærings- og miljøutvalet 25.10.2022

Nye framlegg:

Brannsjefen i Ulstein og Hareid Olav Helt Brubakk orienterte.

Samrøystes

NMU - 59/22 Vedtak

**Nærings- og miljøutvalet vedtek å legge ut til offentleg ettersyn endring av forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnner med forbodsonekart.
Forskrifta vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova § 37 i 8 veker.**

Kommunedirektøren si tilråding:

**Nærings- og miljøutvalet vedtek å legge ut til offentleg ettersyn endring av forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnner med forbodsonekart.
Forskrifta vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med forvaltningslova § 37 i 8 veker.**

Vedlegg:

Lokal temarettleiar om forbodsoner i Hareid kommune ved bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall
Forskrift om brannforebygging - § 3
Lov om vern mot forurensninger og om avfall - §§ 7 og 9
Lokal forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar - 2022

Saksopplysningar:

Med verknad frå 01.06.2012 fekk Hareid kommune gjennom lokal forskrift heimelsgrunnlag for å kunne regulere open brenning m.m. I eksisterande forskrift står det under § 6 punkt c (som er eit unntak frå § 4, om generelt forbod) at bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utafor tettbygd strøk, kan gjennomførast så lengje det ikkje er til plage eller uroar naboar og andre personar. Som tettbygd strøk vart det lagt til grunn definisjon frå Statistisk sentralbyrå. Dette har vist seg å vere vanskeleg å etterleve, og brannvesenet har sett behov for å få nærmare presisert grensene på tettbygd strøk. Derfor er det laga forslag til eigendefinerte soner der det er forbode også å brenne bråte og hageavfall.

Vurdering og konklusjon:

I forskrift om brannforebygging av 01.01.16 i § 3. Generelle krav til aktksamhet vert det å gjere opp eld i eller i nærleiken av skog og annan utmark forbode frå 15. april til 15. september utan løyve frå kommunen. Eksisterande lokal forskrift skildrer i tillegg forbod om brenning i skog og annan utmark generelt, og i lyng og kratt.

Dette vil fortsatt gjelde uavhengig endringar av den lokale forskrifta. Den lokale forskrifta er tilpassa dei lokale tilhøva i kommunen. Framlegget til endring gjeld først og fremst klargjering av kva for område i kommunen som har totalforbod mot brenning utandørs. I tillegg er det redaksjonelle endringar i teksten.

Miljøkonsekvensar: Betre luftkvalitet, spesielt for personar med luftvegsplager.

Beredskapsmessige konsekvensar: Redusere brannfare i skogmark, lyng og kratt, spesielt i perioden 15. april – 15.september.

Ragnhild Velsvik Berge
kommunedirektør

Live Gandborg
branningeniør